

# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 1

Januar 2019

Årgang 85 år

## DEG Å FÅ SKODE

Irsk tekst og melodi frå 700-talet

Deg å få skode er sæla å nå,  
Gud ver det syn som mitt hjarta vil sjå;  
ver du for tanken min dyraste skatt,  
ljuset som strålar ved dag og ved natt!

Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,  
tal du det levande ord med di røyst!  
Far, lat meg vere barn her hjå deg.  
Kom til meg, Herre, ja bu du i meg!

Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd;  
Ver du det merket som syner mitt verd,  
livd for mi sjel, den tryggaste vakt;  
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!

Rikdom og ære som menneske gjev,  
er ikkje meir enn den morknande vev.  
Du er min arv som varer til sist,  
himmelske konge, det veit eg for visst.

Konge i æva, å lat du meg då  
sigrande inn i ditt rike få gå!  
Ver du mi tru, den vona eg ber  
til eg får skode din herlegdom der.  
Amen.



Foto henta frå internett.

**Kvifor DENNE teksten på framsida av Fusa kyrkjeblad? Les meir på side 3.**



Kvinnenes  
internasjonale  
bønnedag  
S. 3



Målet er  
nådd  
S. 4



Dugnad i  
kyrkjene  
S. 5



Møte med  
menneske  
S. 6-7



Kyrkjeval  
2019  
S. 12

## FUSA PRESTEGJELD

### Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Tlf. 56 58 01 81 - Fax 56 58 15 82  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen  
E-post: fusasokn@fusa.kommune.no

#### Direktenr.

Kyrkjeverje	56 58 01 80
Sokneprest	56 58 01 83
Kyrkjelydspedagog	56 58 01 66
Konsulent:	56 58 01 81
Medarbeidarkoordinator:	56 58 01 87

#### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

#### PRIVATE TELEFONAR

##### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

##### Kyrkjeverje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

##### Trusoppplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Petra Dahlström Permisjon

Endre Tveit 90 24 41 52

##### Konsulent

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

##### Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 56 58 31 96

##### Kantor

Iman de Zwart 56 58 39 48

##### Soknerådsleiar

Roald Samnøy 41 33 36 25

##### Kyrkjetenarar

##### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 56 58 39 48

##### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 56 58 39 48

##### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

##### SUNDEVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

##### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 56 58 15 89

Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436

##### FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

##### Ansvarleg redaktør:

Leiar i Fusa sokneråd Roald Samnøy.

##### Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 225,- pr. år

Utanbygds kr. 325,- pr. år

##### REDAKSJONSNEMND:

Harald Geir Sæther

Ole Bjørn Eikeland

# Kamp og velsigning!



Livet er ofte ei blanding av kamp og velsigning. Det er to spor som går gjennom livet. Når vi står midt i en kamp, enten det er sjukdom, relasjonar eller negative

ting som skjer, så kan det vera vanskeleg å sjå kordan det skal ende. Når vi er i ei god fase der velsigning på velsigning møter oss, så vonar vi det aldri vil ta slutt. Men ofte følger desse to spora kvarandre.

Pastor Rick Warren, som har skrevet den mestselgjande kristne bok i nyare tid, opplevde stor suksess på den måten, men samstundes fekk kona kreft. På den eine sida var det glede, på den andre sida sorg. Og sorga og gleda vandrar ofte saman.

I vår bibel finn vi ei bok, Salomos Ordspråk, som vil gje oss hjelp til å styre i møte med både kamper og velsigningar. I åpningskapittelet i denne boka står det: «Ordtak til å gje kunnskap om visdom og formaning til å forstå forstandige ord, til å ta imot formaning som gjev innsikt om ærlegdom, rettferd og rett, til å gje vitlause vit og den unge kunnskap og omtanke». Når vi les Ordspråka så får vi innsikt i kordan livet egentlig er. Dei gjev oss fornuftige og vise råd i møte med både gode og vanskelege tider. Ganske tidleg i kap 1 vers 7 står det: «Å frykte Herren er opphav til kunnskap». Frykt i denne samanheng er å vise ære og ha respekt for. La Gud vera Gud og vite at vi er menneske. Men Gud vil vera Gud for oss midt i det menneskelege. Han veit om kordan livet er.

Heller ikkje Jesus kom utanom dette. Rett etter sin dåp, der han fekk ære både av Gud og menneske, blei han ført ut i ørkenen og møtte store freistingar. På finurleg vis prøver Satan å så tvil om Jesus sin identitet. I møte med denne utfordring og kamp brukte Jesus kunnskapen og visdommen frå Gud. Det er noko som står fast når alt rokkast.

Livet er til tider lett å leve. Nokre gongar er det tungt og vanskelig. Gjennom alt har eg lært å be ei bøn som held i både med og motgang: «Herre, hjelp meg til å følge Jesu eksempel i både med- og motgang. Lat ditt ord vera ei lykt for min fot og eit lys på min stig».

Einar Ekerhovd, sokneprest



”Lat ditt ord vera ei lykt for min fot og eit lys på min stig.”





# Kvinnenes internasjonale bønnedag!

## BLI MED!

Den vert markert i meir enn 170 land! Vi i Fusa er med!

### VEL MØTT

i Eikelandsosen bedehus  
fredag 1. mars kl. 18.00!

### Kunstnaren og maleriet

Rezka Arnus frå Slovenia er kunstnaren bak bilete som seier noko om årets internasjonale bønnedag. Rezka har 5% av normalt syn når lyset er sterkt nok. Om bilete seier ho at vi òvst kan sjå kvinner som går forbi i tradisjonelle slovenske drakter. På hovudet har dei kniplingslue, hatt eller skaut. Det halvsirkelforma ornamentet med tradisjonelt broderi viser eit brett eller eit bord med Slovenia si mest kjende kake – *potica*. Som eit uttrykk for kjærleik er bordet pynta med eit licitar-hjarte, eit fargerikt kjekshjarte laga med honning. På nedsida av bordet kan vi sjå born frå samfunnet sine ytterkantane. Dei høyrde invitasjonen til fest! Ei heimlaus kvinne bær eit barn i arme. Ei blind kvinne med arma utstrakt førebur det neste steget. Ein døv person svarer med å nikke med hovudet. Dei ufrivillige bevegelsene til ei spastisk jente viser at ho tek i mot invitasjonen til fest med glede!

### Temaet for dagen:

«Kom, for alt er ferdig»

### Kollekten i år går til

- Å utdanne 20 – 30 personer som kan være tilretteleggere og drive sine egne traume- grupper ulike steder i Slovenia. Mange av deltakerne vil være kvinner som selv har ulike indre sår og problemer.
- Å oversette materiell til slovensk. Slovenia sliter mange med traumer og depresjon etter forhold som har hatt negativ innvirkning på både individ og samfunn: alkoholisme, rusmisbruk, vold i familien, skilsmisser, selvmord og traumer etter krig og politisk usikkerhet. Kvinnene er særlig utsatt.



«Uansett om du er baptist eller katolikk, om du er bestemor eller lillebror, om du bor i Johannesburg eller i Lillesand – denne dagen utgjør vi en global økumenisk bevegelse som står sammen for en positiv endring i verden.» Karin Holt, leder av Bønnedagskomiteen.

Les meir: [www.bonnedag.wordpress.com](http://www.bonnedag.wordpress.com)

## «DEG Å FÅ SKODE»

### DEN MEST «POPULÆRE» SALMEN I FUSA?

På framsida kan du lese teksten frå salmen «Deg å få skode» - tekst og melodi frå Irland – heilt tilbake til 700-talet. Den 11.11.2018 kl. 11.00 song vi i Hålandsdalen kyrkje 11 salmar! Folk i Fusa var inviterte til å kome med ønskje om salmar vi skulle syngje den dagen. Det kom inn mellom 30 og 40 forskjellige salmeforslag. Nærare 15 personar ønskte seg «Deg å få skode». Både eldre og yngre ønskte seg denne kjære salmen. Men ein trur at den kanskje enno er ukjend for mange. Vi oppmodar deg å lese teksten grundig – sjå omsorgen som ligg i den – høyre den vakre melodien – lytt gjerne til songen på youtube! Og du vil oppdage enno ein ny salmeskatt!

# NYTT SÅRSTELLROM

PÅ SJUKEHUSET I HAGERE MARIAM

## -TAKK FOR INNSATSEN



Dette er rommet som skal bli til nytt sårbehandlingsrom.

Etter at ein delegasjon frå Fusa på 25 personar besøkte sjukehuset i Hagere Mariam i Sør-Etiopia vart Fusa sokneråd og Bruktbuo samde om å ha ein spontan innsamlingsaksjon til å få på plass eit sårstellrom ved sjukehuset. Dette var sjukehuset sitt største behov no! Takk til Bruktbuo for ein flott basar som gav meir enn kr. 90.000,- i inntekter, til Fusa kommunestyre som gav kr. 50.000 og til alle privatpersonar som har støtta innsamlingsaksjonen. Målet var kr. 150.000,-. Då kyrkjebladet gjekk i trykken har ein passert kr. 210.000,-. Så no vil dr. Einar Eriksen følgje opp arbeidet med å få opprusta eit nytt sårstellrom! **Takk til alle som har støtta innsamlingsaksjonen.**



Stor oppslutning om Bruktbuo sin basar søndag 4. november 2018.

### TAKK FOR STØTTE til elevstipend til elevar og studentar ved Tabor Utdanningscenter i Etiopia.



Kidane og Gebeyehu.

Om lag kr. 25.000,- er kome inn i ulike kollektar i november og desember månad til stipend slik at elevar og studentar får høve til å ta utdanning. Studentane Kidane og Gebeyehu som mange fusingar møtte i Etiopia sist haust støtter vi direkte, og Fusa sokneråd betaler ein større sum til Tabor Utdanningscenter i byrjinga av kvart år. Dei resterande midlane vi samlar inn til stipend vert disponert av NLM i samråd med Tabor Utdanningscenter slik at dei som har størst behov får stipend.

### Takk for gåve til barne- og ungdomsarbeidet i samband med 60-årsdag

I samband med sin 60-årsdag ønskte Ernst Ove Indrebø gåver til Fusa sokneråd sitt barne- og ungdomsarbeid. Fusa sokneråd takkar for gåva.

### Fusakalenderen 2019

Det er seld nærare 700 kalendrar så langt. Vi har framleis fleire att på kyrkje-kontoret. Velkomen oppom kontoret!

Fusa sokneråd takkar konfirmantar og andre medhjelparar for innsatsen. Alle inntektene går til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.



### Takk for minnegåver

til barne- og ungdomsarbeidet Fusa sokneråd takkar for minnegåver som vart gitt til Fusa sokneråd sitt barne- og ungdomsarbeid i samband med gravferdene til Inglaug Ragnhildstveit og Klara Solvang.

### 140 julebrød og matkorg til 8 familiar!

Takk for god hjelp frå mange før jul! Fusa sokneråd si diakonale gruppe leverte ut nærare 140 julebrød til våre medbygdingar rett før jul – med gode ord og ønskje om god jul. Fleire enn 20 personar deltok med baking og utlevering.

Åtte familiar som ikkje har så mykje å rutte med fekk glede av matkorg til jul. Aksjonen var eit samarbeid mellom Fjord'n senter, NAV, Fusa frivilligsentral og Fusa sokneråd. Både matvarer og pengar som folk gav vart nytta til føremålet.

**Fusa sokneråd takkar alle som har bidrege!**





# Vel møtt til DUGNAD i kyrkjene våre

TYSDAG 12. FEBRUAR KL. 18.00 TIL CA. 20.00



Sundvor kyrkje  
Sævareid kapell  
Hålandsdal kyrkje  
Fusa kyrkje  
Strandvik kyrkje (kl. 17.00-18.45)

Ta med bøtte, klut og evt mopp!  
Her skal vi ha det triveleg i lag - og  
mot slutten tar vi tid til kaffi, te og  
noko attåt. Dei lokale kyrkjeutvala  
står for organiseringa.

## Aktuelle samlingar 1. halvår 2019 (set av datoane!)



### Familiemix

10. februar kl. 11.00  
10. mars kl. 11:00  
28. april kl. 11:00  
26. mai kl. 11:00  
16. juni kl. 11:00

### Bibel-, bøn og lovsongskvelder

31. januar kl. 19.00  
(bibeltimar 1. og 2. februar)  
28. mars kl. 19.00  
25. april kl. 19.00  
23. mai kl. 19.00

### Bønefrukost

14. februar kl. 08.30  
14. mars kl. 08.30  
11. april kl. 08.30

### Bønensamlingar

Onsdagar i partalsveker kl. 17.30-18.00 samlast vi til bønensamling kring i bygdene våre. Bli gjerne med. Vi har eit fast opplegg på samlingane, som skjer på Foer bedehus, Bogøy bedehus, Nordtveit bedehus, Hålandsdalen kyrkje og i Eikelandsosen bedehus.

## Barne- og ungdomskor



**Fjord'n barnekor** er eit tilbod for born f.o.m. 5 år i 2019 og eldre. Samlingar er annakvar torsdag (i partalsveker f.o.m. 24. jan.) i Eikelandsosen bedehus kl. 17.30-18.30.

**Songbuketten** er eit barnekor for borna i alle aldrar. Samlingane er kl. 17.30-18.30 i Nordtveit bedehus; 28.01, 11.02, 11.03, 25.03 og 14.04 kl. 11.00 (i Sundvor kyrkje).

**Fusa Soul Children** er eit tilbod med kor og dans for ungdom i 7. klasse og oppover. Samlingane er i Eikelandsosen bedehus torsdagar kl. 15.00-17.00 i partalsveker f.o.m. 24. jan.



Følg Fusa sokn  
på Facebook



Ønskjer du SMS  
om det som skjer  
i Fusa kyrkjelyd?  
Gje beskjed til  
tlf. 41 66 20 90.

## Open kyrkje i Strandvik



Kvar 3. tuesday i månaden vil det vere "open kyrkje" i Strandvik.

Kyrkja er då open frå kl. 19:00 til 20:00 for deg som vil tenne eit lys i lysgloben, kanskje berre vil sitje der eller høyre på musikk som vert framført. **Datoane i fyrste halvår er:** 15. januar, 19. februar, 19. mars, 16. april, 21. mai og 18. juni.

## Friluftsklubben Noah



Eit tilbod for gitar frå 5. klasse t.o.m. 8. klasse. Samlast til vanleg på fredagar.

Ta kontakt med  
**Ernst Ove Indrebø**,  
tlf. 41 45 18 01, for  
meir informasjon.



Anna Sundfjord:

# MØTE MED MENNESKE

Alle møte med menneske er spennande. Dette møte er meir spennande enn vanleg, fordi den unge dama framfor meg er nesten totalt ukjent for journalisten. Desto meir er vi interessert, ein kald fredag ettermiddag, å høyre!

Tekst: og foto: Ole Bjørn Eikeland



## Du kjem nettopp frå jobb på dagsenter i Eikelandssosen, korleis var det i dag?

Det starta eigentleg litt dårleg, det er første dagen min her, eg skulle etter planen vore på Baldersheim, men måtte hit. Men elles ein fin dag! Eg er student i Stavanger, er no heime på juleferie og jobbar som vikar for å tene litt pengar. Eg studerer til sosionom der sør.

” Å sjå menneske som dei er, og ikkje døme etter kva dei har gjort! Men gje dei ein sjanse til å vekse.

## Kva gjer ein sosionom?

Det er litt vanskeleg å forklare, dei hjelper folk med sosiale problem, planen min seinare er å jobbe med barn eller eldre, helst barn. Ja, eg vil gjerne i barnehage eller skule, å hjelpe barn som treng meir støtte. Eg har lyst å jobbe med folk, heller enn å sitje heile dagen framfor PC skjerm. Alt no merkar eg at det eg har lært er nyttig også her på dagsenteret.

## Kort presentasjon?

Eg er oppvaksen i Sundfjord med mamma og pappa, med ein storebror, ei storesøster og tre lillesøstre. Alt i alt ein stor familie.

## Litt om bakgrunnen – korleis var det å vekse opp i Sundfjord som barn?

Eg var mest med søsken, pluss ei jente i slekta frå Os, ho var ofte hos oss. Eg var med i barnekor på Nordtveit, og også søndagsskule. Eg huskar det var juniorklubb på Nordtveit, me spelte masse, og avslutta med ein kort andakt.

## Ungdomstida – kor gjekk du på skule? Korleis opplevde du den tida?

Barneskuletida mi var på Baldersheim, og der var eg ofte igjen saman med venner. Det var kjekt!

Så, då eg skulle på ungdomsskolen reiste eg motsett vei, til Hatlestrand, fordi det er litt kortare enn til Eikelandssosen. Av søskena mine gjekk nokre på Hatlestrand, andre i Eikelandssosen.

Så, på vidaregåande, då drog eg til Framnes i tre år, det var veldig kjekt. Frå denne tida har eg framleis mange gode venner.

## Kva har du gjort etter vidaregåande skule?

Då reiste eg til Grimstad på bibelskule, den skulen hadde eg høyrte masse bra om. Eg lærte masse psykologi, og meg sjølv, om andre, og om Gud! Studieretningen heiter noko så enkelt

som VEKST. Eg måtte gå inn i meg sjølv, og vart meir bevisst på kva eg trur på. I Grimstad var eg eitt år.

Deretter kunne eg velgje eit år til TT, eit praksisår som ettåring i kyrkjelysten på Karmøy, nærmare bestemt Vedavåg. Der jobba eg med barn og unge, hadde søndagsskule, konfirmantarbeid og knøtteKRIK, trusopp-læringstiltak, der var mange frivillige. Også kontorarbeid ja.

KnøtteKRIK må du forklare! Det er KRIK for barn.

På Karmøy var det veldig, veldig fint, eg saknar det masse. Der fann eg ut at eg vil arbeide med barn vidare. Vil gjerne arbeide innafor kyrkja, fordi det kan virke som eit veldig givande arbeid.

Viss du nokon gong er på Karmøy, gå innom kyrkja der, der er eit veldig varmt miljø, og ein svært flink prest. Eg skal tilbake dit i februar, til eit opplegg som heiter Night to shine. Dette vil eg anbefale for andre ungdomar! Det er særleg for ungdomar som vil lære seg sjølv å kjenne, og bli meir fast i trua. Der møter du mange kristne ungdomar, garantert!

Meir info om Night to shine:  
<https://crossbridgecc.org/night-to-shine/>





Ja, så gjekk vegen til Stavanger, til sosi-  
onomutdanning! Som du allereie veit.

### Har du interesser på fritida?

Tidlegare spelte eg fotball, men det  
likte eg ikkje så godt. Og så har eg  
spelt litt volleyball.

Eg er glad i å skriva, og hadde store  
planer då eg var liten om å bli forfat-  
tar. Men å leve av det er vel litt ure-  
alistisk?

### Les du av og til den store berømte Tidende som heiter Fusa Kyrkjelydsblad?

Nei, dessverre, vanlegvis ikkje, må  
kanskje begynne med det??

”

*Men det var i 3. kl. på  
Framnes, der var ein  
kristen festival som  
heiter Impuls, der tok  
eg valget å følgje Gud.*

### Har du noko du brenn for?

*No må Anna stanse og tenkje etter....  
Kanskje dette: Å sjå menneske som  
dei er, og ikkje døme etter kva dei  
har gjort! Men gje dei ein sjanse til å  
vekse. Viss me alltid dømer kva folk  
har gjort, så får dei aldri ein ny sjanse!*

### Om trua – har du hatt den med deg frå barndomen, el- ler er det noko som gradvis er kome?

Eg har jo vakse opp i ein kristen heim,  
så eg har hatt barnetrua med meg.  
Men det var i 3. klasse på Framnes,  
der var ein kristen festival som hei-  
ter Impuls, der tok eg valget å følgje  
Gud. Deretter har eg gjort det!

### Mange unge på din alder er med i ulike frimenigheiter, særleg i byane. Har du vore med der?

Då eg budde på Karmøy, ei menighet  
som heiter Hillsong frimenighet, der  
var eg med litt.

Link til Hillsong <https://hillsong.com/no/norway/oslo/>



### Kva tenkjer du om Den Nor- ske Kyrkja. Korleis bør den vere for å få fleire unge med?

I kyrkja på Vedavågen var dei veldig  
flinke, der var unge med, og gan-  
ske lik ei frimenighet. Miljøet veldig  
varmt og alle var ønska velkommen.  
På Hillsong vart eg også veldig godt  
motteken!

### Sundvor er frå neste år med i Bjørnafjorden kommune. Det vil seie at bygda blir nabo til Bergen. Kva tenkjer du om det?

Eg har tenkt på dette også. Men mi  
bygd er jo ein liten plass, kva forskjel  
det blir det veit eg ikkje heilt. Faktisk  
var eg meir engasjert i politikk tidle-  
gare enn eg er no.

### Ditt favoritt bibelvers?

Det er veldig mange fine, det første  
eg kjem på er salme 118.24

**Dette er dagen som  
Herren har gjort, lat oss  
glede og juble oss no!**

### Som betyr?

Det betyr at me må sjå det beste i  
den dagen me har fått, at dagen er frå  
Gud, og vere glade og positive!

### Og salme?

Der er også mange å velje mellom.  
Kanskje denne: “Tett ved sida mi går  
Jesus”. Eg hadde andakt om denne  
på bibelskulen, då eg var til Equador  
med klassen. Eg sat på bussen mange  
timar, og hørte på denne heile tida.  
Denne gjer meg trygg overalt.

### Traff du kristne i Equador?

Ja, me var i ei kyrkje der, ein slags  
søndagsskule, og møtte veldig rau-  
se menneske. Ei ørlita jente der, ho  
kunne ikkje norsk, eg kan berre litt  
spansk, men leika der i slummen, og  
sjølv om me ikkje kunne snakke sa-  
man, forstod me kvarandre likevel.

*Tett ved sida mi går Jesus  
Alltid vil han vera der  
Eg treng ikkje gå og ottast  
Når eg fylgjer Jesus her  
Han på vegen vil meg vakta  
Så eg ikkje går meg vill  
Å, kor godt det er for barnet  
Å få høyra Jesus til.*

**Alle møte med  
menneske er spennande.  
Nokre er litt meir  
spennande enn andre!**





## FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf. 56 58 14 06  
Fax 56 58 39 99  
Mobil 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar

## Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post [havard@solheimelektro.no](mailto:havard@solheimelektro.no)  
**www.solheimelektro.no**

## REISENE BESTILLER VI HOS:

# TRAVELNET

## OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os  
Tlf.: 56 30 43 00  
e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no)  
[www.verden.no](http://www.verden.no)

Følg oss på Facebook



## Tønnegarden

Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord  
Tlf. 91 99 30 40

[post@tonnegarden.no](mailto:post@tonnegarden.no) - [www.tonnegarden.no](http://www.tonnegarden.no)

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat. Steinomnsbakst.
- Catering -middag, holdtbord, snittar mm. Kaker og lefser.

Følg oss på facebook og instagram.



# SPAR

## Eikelandssosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

**Tlf. 56 58 00 90**

### ELEKTRO OG RØYRLEGGJARBEDRIFT/BUTIKK



## HELLAND

ELEKTRO & VVS AS  
5640 EIKELANDSSOSEN

TLF. 56 58 06 20 - FAX 56 58 06 29  
Mobil Ingemar: 976 67 843

Me hjelper deg med vann-, lys- og varmeinstallasjoner når du skal byggja nytt eller rehabilitera.



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: [post@leiglandbygg.no](mailto:post@leiglandbygg.no)  
[www.leiglandbygg.no](http://www.leiglandbygg.no)

Står til teneste med alt i samband med dødsfall, gravferd og minnesamver. Blomsterservice, sal og service av gravminne.

## Fusa og Samnanger Gravferdsbyrå a.s

Boks 100, 5640 Eikelandssosen  
Liv Mette Hagen priv. 56 58 12 72  
Døgnvakt: 56 58 15 09

Besøk vår heimeside  
[www.fusa-kraftlag.no](http://www.fusa-kraftlag.no)

Din lokale kraftleverandør



5640 EIKELANDSSOSEN  
Tlf. 56 58 00 20



avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med forsikring, lån, sparing og plassering.

**VI ER HER**  
[www.spv.no](http://www.spv.no)



Følg Fusa sokn på Facebook



Ønskjer du SMS om det som skjer i Fusa kyrkjelyd? Gje beskjed til tlf. 41 66 20 90.





## Takkoffer

Oversikt over g aver vi har f att i offer i perioden 01.11.-31.12.2018

04.11.2018	Elevstipend Etiopia	kr. 2.865,-
11.11.2018	Kirkens SOS	kr. 3.177,-
11.11.2018	Kirkens Bymisjon	kr. 1.380,-
18.11.2018	Trusoppl�ering lokalt	kr. 4.733,-
18.11.2018	Elevstipend Etiopia	kr. 2.000,-
25.11.2018	Trusoppl�ering lokalt	kr. 2.806,-
01.12.2018	Kirkens N�dhjelp	kr. 9.741,-
02.12.2018	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 4.636,-
02.12.2018	Den norske Israelsmisjon	kr. 1.925,-
09.12.2018	S�etervika ungdomssenter	kr. 2.899,-
16.12.2018	Kirkens N�dhjelp	kr. 6.727,-
16.12.2018	Elevstipend Etiopia	kr. 2.580,-
23.12.2018	Elevstipend Etiopia	kr. 4.231,-
24.12.2018	Elevstipend Etiopia	kr. 18.635,-
24.12.2018	UIO v./Helga og Rod Lobaugh	kr. 6.121,-
25.12.2018	Det norske Misjonsselskap	kr. 4.051,-



**Norheimsund**  
TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A - 5600 Norheimsund

Tlf. 56 55 27 88

Mobil: 97 59 24 88

E-mail: post@nhstrykk.no

**ALT I TRYKKSAKER**

## BLI MED P A

**Eilert og Anne Lise T sse**  
sitt siste kor-prosjekt i  
**Samnanger og Fusa!**



Denne gongen er det Johnny Cash sine songar som gjeld, akkompagnert av lokalt band.  vingane er kl. 19.00-21.30 i Haga kyrkje i Samnanger 13.febr., 20.febr., 6.mars og 13.mars.

P melding p  mail til Eilert T sse: eilerttosse@gmail.com Det blir konsert i Haga kyrkje 15.mars kl. 19.30 og i Eikelandssosen bedehus 16.mars kl. 18.00.



**HERBALIFE**  
**ERN RING**

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ern ring

TA VARE P  HELSA DI !

Sp r etter gratis pr vepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGST 

E-post: fangang@fusi.no

www.signeg.goherbalife.com/nn-no

## DE R rleggerservice

5645 S vareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent r rleggerfirma

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED

**BYGGMESTER**



**SVENN C. STORUM**

951 56 327 storum@fusi.no

## GRAVMINNER



**L vaas**  
**Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man-fre kl. 9.00-17.00. L rdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

## BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no

## Malerfirma

**Kenneth Samn en**

5640 Eikelandssosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38



**SPAR** 

**Fusa**

Man-fre **8-21**

Lørdag **9-20**

**Tlf. 56582133**  
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!**

**ASVO Fusa AS**

www.asvofusa.no

post@asvofusa.no

tlf.: 56 58 14 18

5640 EIKELANDSØSEN

Er ei allsidig bedrift som driv med sal og produksjon

- Montering av mekanisk komponentar
- Fyringsbrikettar og opptenningsveg
- Blomekassar, sandkassar og varmpumpehus
- Høvleri
- Listeproduksjon
- Plenslåing

Me har moderne maskiner for å trevareproduksjon og tek gjerne imot oppdrag for Dykk!

**Alltid god service og rimelege prisar!**



**BYGGADMINISTRASJON Harald Bjørndal a.s**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLERING

Tlf. kontor: 56 58 11 30

Tlf. privat: 56 58 51 19

Telefax: 56 58 11 99

Mobil: 970 63 526

E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
5649 EIKELANDSØSEN

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER, BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - Fax 5658 1656 - Mob 9054 4766  
**BERGE ELEKTRONIKK**

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



**Hordaland A/S**  
**Rørteknikk**

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget

VVS-VA-HAVBRUK-PRODUKSJON

Holsundveien 285, 5642 Holmefjord

Telefon: 56 58 09 90 - E-post: [post@h-rt.no](mailto:post@h-rt.no)



MALERMESTER

**ALF HJELLE & SØNN AS**



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880

E-post: [firmapost@alfhjellev.no](mailto:firmapost@alfhjellev.no)

VESTLANDSKE LIMTRE  
INDUSTRI AS

5642 HOLMEFJORD  
Telefon: 56 58 07 00  
Telefax: 56 58 07 01

Spesialist på trekonstruksjoner  
Limtre – beslag – takstoler – takverk

[post@vlimtre.no](mailto:post@vlimtre.no)

[www.vlimtre.no](http://www.vlimtre.no)



1970-2015 Tradisjon for kvalitet i 45 år

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

**L. HJERTNES AS**



5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60

E-post: [post@lhjertnes.no](mailto:post@lhjertnes.no)

[www.lhjertnes.no](http://www.lhjertnes.no)

**FUSA AUTO A/S**  
**BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa

Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



[www.meca.no](http://www.meca.no)

**M E C A**



**P. H. Haugen**

**Landhandel - Sævareid**

**tlf. 56583110**

e-post:

[narbutikken.severeid@narbutikken.no](mailto:narbutikken.severeid@narbutikken.no)

**Fusa Ferdigbetong as**

5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**

Mobil 913 65 482 / 951 87 421

E-post: [post@fusabetong.no](mailto:post@fusabetong.no)





# Gudstenester i Fusa sokn

27.01.2019 - 14.04.2019

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
<b>Januar</b>				
27.01	11.00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	4.søndag i openberringstida
27.01	16.30	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	4.søndag i openberringstida
<b>Februar</b>				
03.02	11.00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	5.søndag i openberringstida
03.02	19.00	Fusa kyrkje	Kveldsgudsteneste	5.søndag i openberringstida
10.02	11.00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	6.søndag i openberringstida
17.02	11.00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Såmannssøndagen
17.02	16.30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Såmannssøndagen
24.02	11.00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Kristi forklåringsdag
24.02	16.30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Kristi forklåringsdag
<b>Mars</b>				
03.03	11.00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Fastelavnssøndag
03.03	16.30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Fastelavnssøndag
10.03	16.30	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	1.søndag i fastetida
17.03	11.00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2.søndag i fastetida
17.03	16.30	Sævareid kapell	Gudsteneste	2.søndag i fastetida
17.03	19.00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	2.søndag i fastetida
24.03	11.00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Maria bodskapsdag
31.03	11.00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	3.søndag i fastetida
<b>April</b>				
07.04	11.00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	4.søndag i fastetida
14.04	11.00	Sundvor kyrkje	Familiegudsteneste	Palmesøndag

Vi tar atterhald om evt. endringar i gudstenestelista.

## Frå **KYRKJEBØKENE**



### Dåp

#### Fusa kyrkje

18.11.2018 Emilie Stensland Rolland

#### Hålandsdalen kyrkje

11.11.2018 Harald Djupevåg Eide

11.11.2018 Emma Linnea Fossen

11.11.2018 Iver Kristian Søvig Tombre



### Gravferd

#### Strandvik kyrkje

16.11.2018 Anna Djupvik, f. 03.09.1921

06.12.2018 Bergljot Kvåle, f. 18.11.1921

#### Hålandsdalen kyrkje

09.11.2018 Klara Solvang, f. 11.05.1920

16.11.2018 Ingaug Ragnhildstveit, f. 26.04.1925

19.11.2018 Knut Frode Eide, f. 23.01.1959

#### Sundvor kyrkje

20.12.2018 Jørgen Baldersheim, f. 21.08.1923

#### Sævareid kapell

08.11.2018 Magnar Normann Haga, f. 31.12.1945


#### Fusa kyrkje

02.11.2018 Gjermund Øvsthus, f. 23.07.1946



# Kyrkjevalet

## 9. sep. 2019



**Ved kyrkjevalet kan du røyste ved to val; soknerådsvæl og bispedømerådsvæl. Soknerådet er lokalt og gjeld oppgåver i Fusa sokn. Bispedømerådet er dei representantane som også er til stades og gjer vedtak på Kyrkjemøtet. Valdagen blir den same som til kommunestyre og fylkesting – måndag 9. september.**

### **Alle medlemmer av Den norske kyrkja kan kome med listeforslag - ei valliste**

Ønskjer du å kome med listeforslag til soknerådet? Frist er 30. april 2019. På lista må ein ha minimum 13 og maksimum 26 namn. Det må vere ti personar som skriv under som forslagstillarar. Ein av desse må vere tillitsvald for lista, dvs. kontaktperson. Ta kontakt med kyrkjevevja om du ønskjer meir informasjon.

### **Sokneråd 2019-2023 - Nominasjonsarbeidet i gong!**

Som omtala over kan kven som helst ta initiativ til å levere ei valliste til soknerådsvalet. Men soknerådet er pålagt å oppnemne ei nominasjonsnemnd. Denne nemnda har følgjande samansetting: John-Petter Lundervik, Toril Hjartåker Hauge og Egil Samnøy. Nominasjonsnemnda skal supplerast.

Ta gjerne kontakt med nominasjonsnemnda om du har forslag på kandidatar!

### **Kommunesamanslåinga får innverknad på soknerådet sine oppgåver!**

Når Os og Fusa kommune vert slått saman til Bjørnafjorden kommune, vil det få innverknad på Fusa sokneråd sine oppgåver. Både Fusa sokneråd og Os sokneråd vil framleis halde fram som sjølvstendige organ, men det vert oppretta eit eige Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd som skal ta seg av administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna. Det vil i praksis bety at fellesrådet får ansvaret for oppfølging av kyrkjer og gravplassar, og også ha personalansvar for alle tilsette.

### **Kva oppgåver ligg då til soknerådet?**

Her er nokre av soknerådet sine ansvarsområde:

- Gudstenester
- Trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet i kyrkjelyden
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Uttalerett ved tilsettingar av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige

*Soknerådet skal ha to representantar i fellesrådet.*

### **ER DET AKTUELT FOR DEG Å VERE MED I SOKNERÅDET?**

**Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:**

1. Du bidreg til å halda lokalkyrkja levande
2. Du vert del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan sørgja for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan sørgja for at kyrkja di er ein open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styrerøynsle som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdaga nye sider ved deg sjølv

